

# Å R S M E L D I N G 1 9 8 5

frå Hjellvikgruppa i Osterøy Idrettslag .

\*\*\*\*\*

Som i fjor har gruppa dette året vore svært oppteken med planlegging og opparbeiding av idrettsbanen. Dette har naturlegvis gått ut over dei andre aktivitetane i laget. Men med ny bane reknar me med mangedobbel aktivitet i åra som kjem. Me byrjar no å sjå slutten på arbeidet med idrettsplassen, som har engasjert oss så mykje. Mykje dugnadsarbeid har vore lagt ned i den perioden me no har attom oss. Men ynskeleg kunne det ha vore med noko større breidde i dugnadsgjengen, slik at oppgåvene kunne vorte delte meir likt på endå fleire. Ein del har no mått jobba ekstra hardt. Det ein kan vona på no ved slutten av anleggsperioden er auka innsats frå alle hald slik at banen kan takast i bruk alt i vinter, dvs. at me også må freista få opp eit lysanlegg, anten eit provisorisk slikt eller eit meir permanent. Styret arbeider med å finna fram til ein finansieringsmåte i høve dette. Men dugnad ein del laurdagar framover vil det i alle høve verta bruk for. Styret vonar på ein flott sluttspurt.

Frå idrettsfronten er det elles å melda:

Innadørstreninga i vinterhalvåret burde hatt større oppslutnad, men eit par grupper var i aktivitet.

Skiaktiviteten har for det meste gått for seg i Osterøy sin regi, bortsett frå eit par trenings-/merke-renn på lokalplanet.

"Tirevoll over" hadde mest like stor oppslutnad i år som i fjor med ca. 125 deltakar i trim og konkurranse. Vestbygda synte seg atter å vera suveren når det galdt deltaking dei tre bygdelaga i mellom.

I innadørs hopp vart ei av hovudlaget sine seriestemne lagt til Hjellvik. Elles har Dag Magne Vedå på nytt gjort ei bragd i utadørs hopp med di han har flytta den nokså tilårskomne osterøyrekorden i høgde til 1 m 91 cm . Ein annan som stadig gjer det betre og betre i høgde endå alderen etter kvart burde vega i motsett lei, er Osvald Kalland. Ny pers. med 1,24 og noregsmeister i veteran med 1,20 i stille høgde er ikkje kvar dagskost her hjå oss. Dessutan er han kretsmeister i sin klasse både i høgde og lengde. I spyd har han og gjort det godt.

Ja, dei gamle ser framleis ut til å vera eldst. Nils Brakestad er framleis med for fullt både i ski og sommaridrettar. I år fekk han miniatyrstatuetten i bronse.

Elles har ein del både vaksne og born teke del i Valestrandsgruppa sine aktivitetar i Valestrandmarka rundt t.d. Og Karl Johan Reigstad fortener ros for den måten han har aktivisert våre yngste i friidrettsgruppa.

Så er spør det <sup>da</sup> om dette vert den siste årsmeldinga frå Hjellvikgruppa. I og med den nye situasjonen som er oppstått med skikkeleg idrettsplass i bygda, har spørsmålet meldt seg om å skipa vårt eige idrettslag. Dette har vore mykje drøfta i styret, og saka vil verta lagt fram på bygdemøte og på årsmøte i gruppa 27/10. I alle fall - me takkar for i år og ynskjer kvarandre lukke til vidare anten i eller utanfor Osterøy.

Hjellvik 25. oktober 1985.

f. styret i Hjellvikgruppa av Osterøy Idr.1.

Asbjørn Raknes

form.

Til årsmøtet i Hjellvikgruppa av Osterøy Idrettslag 27/10.- 85.

Framlegg til vedtak:

Den nye idrettsplassen på Hjellvik har skapt ein heilt annan situasjon enn før når det gjeld idrettsarbeidet i bygda vår. I og med at eit seriefotballag er i emning, vil me få to organisasjonseiningar til å stå for arbeidet med idretten dersom Hjellvikgruppa framleis skal haldast oppe. Med tanke på dei vanskaner som dette kan føra med seg i ei lita bygd som vår, og med tanke på dei føremonar det kan by på at alt idrettsarbeid vert samla under ein administrasjon, finn årsmøtet det rett å seia opp hopehavet med Osterøy Idrettslag, slik dette har fungert til no. Vonleg vil Osterøy Idr.l. framleis vera interessert i eit nært samarbeid med det nye laget som no vil verta skipa på Hjellvik, ikkje minst med tanke på friidrett og ski, der me sikkert kan ha stor gjensidig nytte av kvarandre.

Elles takkar Hjellvikgruppa for alt godt samarbeid i desse åra me har stått tilslutta Osterøy Idrettslag.